



DET NORSKE TEATRET

norske

BRUNO MATHSSON

møbler



KONTOR: A/S HJEMINNREDNING

Drammensvn. 23, Oslo - Tlf. 445815, 445689


VERKSTED: MOELV

Utstilling:

KUNSTNERFORBUNDET — KJELD STUBSGATE 3 — OSLO

b15g 113742

Ein negerhelt kom heim



Arnaud d'Usseau og James Gow

I 1943 var det premiere på skodespelet «Tomorrow the World» av dei to unge forfattarane Arnaud d'Usseau og James Gow. Namna deira var nye i teaterverda på Broadway, men dess betre kjende var dei i Hollywood. Der hadde dei både kvar for seg og i kompaniskap hatt mange solide filmsuksessar.

James Gow er fødd i 1907. Arnaud d'Usseau er 10 år yngre. Han arbeidde som journalist i United Press i Arizona til han fekk ei oppgåve i Hollywood med ein historisk film. I 1945 skreiv dei så skodespelet «Tomorrow the World» som handlar om ein liten gut

 **Allers**
Alltid **Allers**
hele Norges ukeblad

KUNSTEN IDAG

Nr. 4

VINTEREN 1948—49

8. hefte

INNHold:

AXEL REVOLD

Av Dr. Henning Gran

ASTRID NOACK

Av Hans Jacob Meyer

SYDHAUSKUNST

Av Carl Kjersmeier

BILLEDKRONIKK

M. engelsk oversettelse av alle artikler.

✻

REDAKTØR: PER ROM

UTGITT AV GALLERI PER

KR. AUGUSTS GT. 19 - OSLO - TLF. 33 32 63

For bokhandlerne: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

«Kunsten Idag» utkommer 4 ganger om året — vår, sommer, høst
og vinter. Abonnementspris kr. 35,00 pr. år. Enkeltnr. kr. 10,00.

som kjem frå ein nazistheim i Tyskland til ein onkel som bur i U.S.A. Her får han sjanse til å vekse opp i eit demokratisk miljø. Stykket gjekk 499 gonger på Broadway og vart ein publikumsrekord. Det vart og filma og gjekk i Oslo i 1946 under titelen «Fra en annen verden».

I 1945 hadde forfattarane ein ny suksess saman med «Ein negerhelt kom heim» (Deep are the Roots), som tek for seg raseproblemet. Stykket vart rekna for eit av dei sterkaste skodespela det året i New York og det vekte til strid og diskusjon. Seinare har det gått sin sigersgang i mange europeiske land, og har vori spela i Danmark, Sverige og Finland.



Bjarne Andersen



Olav Dalgard



KNA - RESTAURANTEN



Parkveien 68

Smørbrødbuffet 11—13



Kåper
Drakter
Kjoler

O. I. Nilsen
G R E N S E N · 17

Dei kvite og dei svarte.

Sørstatane er det sosiale problembarnet i det amerikanske samfunnet. Eit problem som til dømes rasespørsmålet kan synast mest uløysande. «*Ein negerhelt kom heim*» tek for seg ei dagsaktuell side av dette problemet, negersoldatane som kjem heim med viljen til å hjelpe folket sitt. Stykket syner og tilhøvet mellom negrane og den kvite overklassa. Dei som forsvarar den historiske prestisjen åt Sørstatane hevdar at så lenge negrane er fattige og uvitande har dei det godt. Den gongen dei var slavar fekk dei mat og klede og eit ubundi seksualliv, og det er nok til å gjera slike primitive naturborn lykkelege. I Sørstatane er dette det tradisjonelle synet på dei farga. Dei er ofte beint fram glade i negertenarane sine på same måten som ein er glad i ansvarslause småborn. Så lenge dei held seg «der dei høyrer heime» er alt vel og bra. I dei seinare åra har negrane synt ein tendens til sosial oppdrift. Serleg gjorde den siste verdskrigen mykje til det. Negersoldatane kom saman med folk frå andre kantar av landet og verda, og kom til å kjenne seg likeverdige med dei. Dei krigsveteranane som vil, får fri utdanning av staten, og mange negrar gjer seg nytte av dette. Fleire og fleire av dei har som Brett i «*Ein negerhelt kom heim*» komi heim til fødestaden fullrådde på å skapa betre kår for rasen sin.

For å skjøna kvifor menneska i dette stykket tenkjer og ber



NOREGS BOKLAG

Bokhandel - Papirhandel

Bøndernes hus - Tlf. 331374, 331402



OLAF NORLIS BOKHANDEL

UNIVERSITETSGATA 24 - TLF. 41 31 01 - 41 09 39 - 33 03 04

har

det største lagret av
nynorsk- og bokmåls litteratur.

Den norsk-amerikanske fiolinistinnen Camilla Wicks

- spiller · **KE 17001 Nocturne cis moll (Chopin)**
Kr. 8,25 Nocturne e moll op. 72 (Chopin)
- KA 7000 Serenade (Borodin)**
Kr. 5,95 a) Jamaican Rhumba (Benjamin)
b) Saltarelle (Wieniawsky)

på

music

GRAMMOFONPLATER

Fabrikeres av A.s Nera, Pilestredet 75 c, Oslo

Fåes hos landets musikkhandlere!

seg åt som dei gjer, er det naudsynt å veta korleis og kvifor vanskane vart så store nett i Sørstatane.

Denne landsdelen er mykje meir tradisjonsbunden enn resten av Sambandsstatane. Her var det ein sermerkt og fint utvikla kultur alt medan andre delar av dei britiske koloniane i Amerika var berre einslege nybygg i villskogen. Mange av plantasjeigarane var etterkomarar av landadelen i England, og dei sende ofte sønene sine på skule der lenge etter at Sambandsstatane hadde fått fullgode skular og universitet. Ein slik landadel-kultur kan aldri bli demokratisk, og han bygde for ein stor del på dei utfattige husmennene og leiglendingane som budde i sine fattigslege hytter i utkanten av dei store plantasjane. Etterkomarane åt desse kvite fattigfolka, som Erskine Caldwell har gjort til sitt serlege litterære felt, lever enno som landarbeidarar i bomulls- og tobakksstrøka, dei såkalla «sharecroppers», eller livnærar seg som småbønder på den skrinne jorda i fjelllandet i North og South Carolina, Tennessee, Kentucky og Ozarkåsane i Missouri og Arkansas.

Slavehaldet vart ikkje nokon fast del av plantasjesystemet før mykje seinare. Rett nok vart dei fyrste negerslavane alt tidleg førde over til Amerika, men dei var ikkje mange. Framståande menn både i Nord- og Sørstatane såg på slavehaldet som ei stor skam, og det såg ut til at systemet ville døy ut av seg sjølv litt etter kvart. Så kom den industrielle revolusjonen. Bomullsindustrien vart ein storindustri, og nye maskinar gjorde bomullsreinsinga lett, om ein berre hadde nok arbeidskraft til plukkinga. Talet på slavar steig no fort, og samstundes vart opposisjonen mot heile systemet sterkare og sterkare i Nordstatane. Alt dette gjorde at folkemeininga i sør skifte, og slavehaldet vart rekna for ein naudsynt part av heile samfunnsstrukturen. Dette vart som vi veit, ein av hovudgrunnane til borgarkrigen 1861—65. Etter krigen var Sørstatane utarma og øydelagde. Den lokale makta var alle stader i hendene på nordstatsfolk, og dei var ikkje alltid omsynsfulle. Jamvel i våre dagar kontrollerer kapitalinteressene i nord mykje av det økonomiske livet der.

NATIONEN
Landmandspøstens Dagutgave

Hovedorgan for Noregs Bondestand

Besøk

Excelsior

SKOTØIMAGASIN

19 GRENSEN 19

ETABL. 1910

Trass i at heile Sambandsstatane heldt trufast saman i dei to verdskrigane, blir yankee-en frå Nordstatane sedd på som litt av ein arvefiende, og negrane går der som ei evig påminning om at Sørstatane tapte borgarkrigen, eller «krigen mellom statane», som han heiter der. I dårlege tider er dei farga arbeidarane eit trugsmål mot sjølve levebrødet åt den fattige kvite arbeidarklassa, for negrane kan til vanleg livberge seg med mindre.

Det har vori sagt at den som er fødd i Sørstatane vil bera merke av det heile livet. Det finst ikkje så få av same slaget som Alice, overklassejenta som er opprørder over urettferda mot negrane, men som heilt instinktivt fell attende til den tradisjonelle innstillinga så snart ho merkar at Brett ikkje lenger er den same gløge, men veldresserte og takksame guten som før. For dei fleste sørstatsfolk er overhøgda åt dei kvite eit avgjort krav, om det amerikanske samfunnet skal stå ved lag. Dei farga soldatane som i heren fekk augo opp for sitt eige menneskeverd, og som no kanskje får akademisk utdanning, er eit trugsmål mot dette prinsippet. Med opplysning får negrane og idear om verkeleg jamstilling, og balansen i sørstatssamfunnet blir skipla.

Det er no eit stort press på universiteta i Sørstatane for å få

Vårens nye modeller
i damehatter

ankommet

Anna Skullerud

Storgaten 2

Pianoer — Flygler — Orgler

Moderne reparasjonsverksted



J. W. CAPPELEN
PIANOAVDELING A/S
KIRKEGT. 15. TLF. 413660

dei til å sleppe negrar inn der. Det er ei føderal lov som seier at alle rasegrupper skal ha like gode utdaningsvilkår, men dei fleste av desse statane har sine eigne lover som forbyr at negrar og kvite går på same skulen eller universitet. Dei har no valet mellom å byggje eigne universitet for dei farga eller å brigde statslova. For nokre år siden bygde staten Texas eit flott universitet for dei svarte, og løyste såleis førebels problemet. Vinteren 1948 slepte statsuniversitetet i Arkansas inn ein negerstudent, men han har eige klasserom og leserom, og kan ikkje koma på studentsamkomene. Slik løyste dei problemet utan å bryte lova. Staten Arkansas er for fattig til å byggje eit serskilt negeruniversitet.

Striden kan sjå vonlaus ut for Brett og dei som tenkjer på same måten. Men likevel fører dei i sitt nederlag striden nærare den endelege sigeren. Det vil heilt sikkert ta lang tid, og mange amerikanske sosiologar meiner at løysinga fyrst vil koma når den svarte rasen har gått opp i den kvite. Endå om ingen seier det høgt, veit alle at mesteparten av dei som blir rekna for negrar alt no har meir eller mindre kvitt blod i årane.

Jo Ørjasæter.

Har De stoff?

Jeg anbefaler de nyeste modeller i herreskredderi.

ØVRE FOSS 4 **ISAK BØHLER** TLF. 37 58 45

Utdannet ved Tailor Gütters Academi — London.

Ein negerhelt kom heim

Skodespel i 3 akter av Arnaud d'Usseau og James Gow

Omsetjing: Ragnvald Skrede


Sett i scene av Bjarne Andersen og Olav Dalgard

Dekorasjon av Arne Walentin

Dei som spelar:

(etter som dei kjem inn på scenen):

Honey Turner	Kari Dehlin
Bella Charles	Astrid Sommer
Senator Ellsworth Langdon	Edvard Drabløs
Alice Langdon	Eva Sletto
Genevra Langdon (Nevvy)	Sonja Heiberg
Roy Maxwell	Helge Essmar
Howard Merrick	Øyvind Øyen



Radiogramofon i flere utførelser.
Konserthøytalere for hoteller og rest. etc.
Radioaparater i alle prisklasser.

LYDSYS

(Tidligere Aarstens)

Karl Johans gt. 2, O
(Inngang Jern)

Aparater med ut

Brett Charles	Gunnar Simenstad
Sheriff Serkin	Vilhelm Lund
Chuck Warren	Magnus Tveit
Bon Izay	Alf Ramsøy

Scenen: Daglegstova i heimen til huslyden Langdon i utkanten av ein liten by i hjarta av Sørstatane. Det er våren 1945.

1 akt: Ut på morgonen ein dag i mai.

2. akt: Ein ettermiddag ei veke seinare.

3. akt: Om kvelden same dagen.

10 min. pause etter 1. og 2. akt.

Orkesteret: Kapellmeister *A. K. Nielsen*.

I


S. Coleridge Taylor: Maestoso con motto-andante religioso

II

Jerome Kerr: Ol' man river

III

Edw. Mc. Dowell: Moonshine



Bedriftsmusikk (musikk til arbeidet).
Sjefstelefonanlegg for kontorer og bedrifter.
Radiodeler og tilbehør i godt utvalg.

TEM A/S

Radioservice A.s)

lo - Tlf. 41 35 15

banetorget)

søkt lyd kvalitet.

Negerkavaleri

(Washington, D. C. Memorial Day)

Av Sigmund Skard

Fremst av alle
reid dei i paraden

Tolv mann i breidda kom dei,
ei stormflod av hovstamp og sabelglitter,
nikkande hovud og blanke beisel,
ein skridande mur av menn.
Urørlege sat dei i salane,
e i rad av nevar om sabelheftet,
e i rad av blåsvarte andlet under lueskjermen,
stive av høgtid,
strisveittande av alvor og solsteik,
blankt på blankt,
med augo mot eitt usynleg mål:
halda lina så bein som ei snor,
beinast av alle.

Fram reid dei, fram,
støypte av stein i salane.
Dei rir ikkje for Roosevelt og MacArthur.
Dei tenkjer ikkje på ord frå avisene,
fridom og demokrati
og framande folkeslag fjernt bak havet.
Dei rir for sine egne:
for negrar som står med blanke augo
inni muren av menneske
og vinkar til ein som ikkje ser,
for skrukkete kjerringar i stinkande bakgardar
som ruggar stolt når hovslaga drar forbi.
Dei rir for seg sjølve,
for det dei har vunne,
for retten i det og lovnaden i det,
for sine blanke akslereimar,
sine tunge sablar og brokete skabrakk,
for sin plass i rekkja av dødsviljuge,
den snorbeine rekkja like bak generalen,
plassen i rekkja av likemenn.

(Framhald)

Hoffkledder velkledd



O. L. HOFF ^A/_S

TOSTRUPGÅRDEN KARL JOHAN 25


Fram rir dei, fram,
ubryteleg på line,
og gata bårar under hovane.

Dette er våre menn.
Dei skjønar ikkje våre ord,
deler ikkje våre minne.


Men det viktigaste har vi saman.
Eitt har dei gripe gjennom surren av ord,
eitt som er kjernen i alt.
Fortrav er dei for utalde millionar
som stundar ordlaust på tusen språk
mot same enkle rettferd,
stormtropp for eit liv dei aldri fekk leva,
men som dei skal gjera til liv for ei verd.
Båra bryt i desse skvadronane
av eit menneskehav på marsj,
og alt som står imot
skal malast til sand under hovane deira
og skal aldri ha vore til.
Fram rir dei, fram,
mot ein dag dei veit,
då dei atter dundrar nedetter desse gatene,
mellom murane av menneske,
tolv mann i breidda, ubryteleg på line,
med breie smil over glinsande andlet
og med fridom på sabel-oddane,
fridomen sin, fridomen vår.
Og verda skal ikkje før ha visst
kva glede er.



Eva Sletto



Gunnar Simenstad




Sonja Heiberg

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

Det er god livskunst.



Vi leverer overstoppede møbler, — etter bestilling og etter mål. Håndverksmessig kvalitetsarbeide

füturum

KLINGENBERGGATEN 4 (ved siden av «Regnbuen»)

BØNDERNES BANK A/S

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet.

Ved bestilling av blomster

Dahlsliens blomsterforretning

Vibesgate 8 — Telefon 46 03 83



Astrid Sommer



Edvard Drables

Sportsutstyr

kjøper De best og billegast hjå

Bjørndalens Sportsforretning

Markveien 58, Oslo - Telefon 37 00 69

Unngå gikt, hold Dem frisk og sunn.
Ta regelmessig finske badstuvad.
Den ideelle kleberstensbadstuovn
«TRIMBAD» byr Dem alle fordeler.

Forhandler : FINN URIANSTAD

Rosenkrantzgaten 13



Helge Essmar



Øyvind Øyen

Fornuftig vedlikehold er lønsamt,
og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg.

Eg har fyrebils einesalet av den mønsterverna TO-taburetten.



Målarmeister

A. DOLVE

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55

Else Ruud

Damefrisørsalong

St. Olavsgt. 23 Idrettens Hus

Smarte og raffinerte frisyre

Repress^A

Reklamebyrå — Tegneatelier

Fred. Olsensgt. 5, Oslo
Telef. sentralb. 33 43 94



Vilhelm Lund



Kari Dehlin

C. L. AUGUSTSON A.s

Maridalsvn. 8, Oslo. Tlf. 41 22 73, 41 41 67

Speilfabrikk og glass-sliperi

Patent: «Idealspeilet»

Kjente Oslo-adresser for landbruket.

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

Schweigaardsgate 2 (Kjøttshallen)

Inngang Grønlands torv

Sentralbord 68 35 00

Norges Bondelag

Kronprinsensgt. 9

Sentralbord 33 23 85

Norske Melkeprodusenters Landsforbund

Bredgt. 10^V Sentralb. 6819 80

Landbrukets Sentralforbund

Kronpr.gt. 9^{IV} Tlf. 33 23 85

Norske Meieriers Salgssentral

Bredgt. 10 Sentralb. 6818 86



Husmødre!

Husk at mel må oppbevares *tørt, kjølig og luftig*. Ødelegg ikke store formuer for landet ved dårlig lagring av mel!




Alt i gavekeramikk

Før De kjøper gaven,
gjør et lite besøk hos

TUNE-KERAMIKK

Vinkelgården — Majorstua



A. K. Nielsen



Arne Walentin

A.s Polyfoto TEATRETS FOTOGRAF

Stortingsgaten 18, Oslo (Casinogården) — Telefon 42 41 22

Forretningsfolk

og andre som vil ha prentesakene
sine på norsk, vender seg til:

JOHANSEN & NIELSEN
BOKTRYKKERI

Pilestr. 45b · Telf. 461493, 462692 og 467542

Rekord

AVSKRIVNINGSKONTOR


Innehaver Magnhild Nordang

Karl Johans gt. 16 Tlf. 41 43 42

Mangfoldiggjørelse - oversettelse.



MONTERBARE LAGERINNREDNINGER



Ny løsning av lagerproblemet.

Våre lagerreoler består av et system av standarddeler som gir nesten ubegrensede kombinasjonsmuligheter. Konstruksjonen er enkel og bærekraftig, oppsetningen kan lett utføres uten verktøy selv av ikke fagfolk.

På grunn av den enkle monteringen er det en lett sak å utvide en allerede oppsatt lagerreol med flere seksjoner eller hyller. Likeledes å forandre hele innredningen eller deler av den.

Våre monterbare lagerreoler kan kombineres med våre skuffeseksjoner, smådelskap og skillevegger som bygges inn i hyllene på den plass som ønskes.

Lundqvist lagerreoler anbefales for så vel store som små bedrifter, til kontorarkiv, butikker, mindre verksteder osv.

Vi står gjerne til tjeneste med løsning av Deres lagerproblemer.

TRESTANDARD^{AS}

SERIEPRODUKSJON AV STANDARDUTSTYR

Postboks 4419 OSLO Tlf. 68 19 42

Magasin du Nord 1/3

